



Bygg Engros AS  
Opstadveien 10  
4330 ÅLGÅRD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/253 - 16/3121

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
03.02.2016

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 196/53

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.01.2016.

Saka gjeld søknad om rammeløyve for riving av eksisterande fritidsbustad samt oppføring av ny bustad på eigedom gbnr. 196/53.

### Planstatus

Eigedomen er uregulert og ligg i det som i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 (KP) er avsett til bustadføremål innanfor byggeområde B13.

Det er søkt om dispensasjon frå krav om reguleringplan i § 1.1 i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023.

### Historikk

Det har tidlegare vore sendt inn søknad om dispensasjon og søknad om rammeløyve for tiltaka, søknaden vart arkivert utan handsaming grunna manglar.

Vi gjer merksam på at de snarast og seinast innan eventuell søknad om igangsettingsløyve må levere inn rørleggarmemelding jf. telefonsamtale mellom tiltakshavar og rådgjevar i kommunen 23.11.15.

### **Til orientering - bortfall av lokal godkjenning**

Lokal godkjenning er opphevet fra 1. januar 2016 og kommunen skal ikkje lenger godkjenne foretak for ansvarsrett i byggesaken. Kommunen skal no registrere erklæringer om ansvarsrett. Erklæring om ansvarsrett skal sendes til kommunen før byggearbeidene starter.

I erklæringen om ansvarsrett erklærer foretaket at det oppfyller kvalifikasjonskrav og at arbeidet utføres i tråd med regelverket.

Der foretak ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava i lov og forskrift må foretaket framleis søkje om ansvarsrett.

### Nabovarsling



Følgjande eigedomar er gjenbuar til aktuell eigedom og må nabovarslast. Gnr. 196 bnr. 26, 79 og 85, de kan nytte vedlagt liste ved varsling av nemnde eigedomar.

#### Riving av eksisterande fritidsbustad

Det er i søknad opplyst at bygget som skal rivast har eit bruksareal (BRA) på 60m<sup>2</sup>, det må leverast inn teikningar på bygget som skal rivast, eksisterande situasjon. Dersom teikningar ikkje eksisterar kan de evt. sende inn bilete av alle fasadar på bygningen som skal rivast.

#### Privatrettslige tilhøve

Situasjonsplan og snitt teikningar syner at det er planlagt fyllingsfot nærare nabogrense enn 4 meter. Det er ikkje levert ved avstandserklæring frå naboeigedommar. Eigedomar som det heilt klart må liggje føre avstandserklæring frå er gbnr. 196/1 og 196/15. For eigedom gbnr. 196/104, 103 er ikkje avstand klar nok på innsendt situasjonsplan, dersom avstand her er mindre enn 4 meter må de framskaffe naboerklæring frå gbnr. 196/103 og 104 og.

Med omsyn til krav om avstandserklæring viser vi til skriv frå KMD datert 26.06.15;

[https://www.regjeringen.no/contentassets/109bbfc9591b47919c88c016a5eacab6/rundskriv\\_h\\_8\\_15\\_byggverks\\_plassering\\_hoyde\\_avstand.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/109bbfc9591b47919c88c016a5eacab6/rundskriv_h_8_15_byggverks_plassering_hoyde_avstand.pdf)

#### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket er manglande nabovarsla. Følgjande gjenbuarar må varslast om tiltaket; gbnr. 196/26, 79 og 85, de kan nytte vedlagt naboliste.
2. Det må leverast inn teikningar evt. fotodokumentasjon på bygget som skal rivast.
3. Det må leverast inn naboerklæring frå følgjande eigedomar gbnr 196/1 og 15 med omsyn til plassering av fyllingsfot nærare grense enn 4 meter. De kan nytte vedlagt blankett.
4. Dersom fylling mot gbnr. 196/103 og 104 kjem nærar grense mot nemnde enn 4 meter må det leverast inn naboerklæring frå nemnde.

Lista er ikkje uttømmende, vi ber om at de går igjennom søknaden på nytt før innsending. Vi ber og om at de går igjennom vårt brev i sak. 15/2370 datert 03.07.15 og kontrollerer at dokumentasjon etterspurd i nemnde er levert inn/oppdert.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 09.03.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

naboliste gbnr 196\_53  
naboerklering skjema vnr 20160203

### **Kopi til:**

Gro Hammerstad og Erik Bauge	Feråsen 43	5253	SANDSLI
------------------------------	------------	------	---------

### **Mottakarar:**

Bygg Engros AS	Opstadveien 10	4330	ÅLGÅRD
----------------	----------------	------	--------